
Fra: GRETHE TESDAL
Sendt: 28. september 2022 13:33
Til: Aasland Terje; Postmottak OED
Kopi:
Emne: Angående hurtigspor for kraftlinjer.
Kategorier: Rosa kategori

Les i E24 at olje- og energiminister Aasland ber NVE lage eit hurtigspor for kraftlinjer, for å få ned konsesjonstida og for å få fart på nettutbyggingen i Norge.

Det vises i denne artikkelen til Nakstad- utvalget sin rapport « nett i tide» som har fokus på nettopp dette , å redusere ledetiden. Denne rapporten tar dessverre ikkje opp transportvegen av krafta. Det er fortsatt den 12 år gamle regelen som gjelder, - 420Kv skal førast i luftspenn, noko som fører til større og større konflikter, me er i dag bevisst på konsekvensene av naturtap og me ser verdien av uberørt natur og det involverer mange forskjellige interessegrupper og grunneigarar med denne naturfiendlige måten å frakte kraft på.

Det er derfor forundelig at dette utvalget ikkje ser gevinsten av bruk av sjø- og jorkabel. For med bruk av dette vil antall involverte grunneigarar og andre interesseorganisasjonar reduserast til eit minimum og det samme skjer med ledetida. (total byggetid) Me meiner at ledetida med bruk av sjøkabel vil bli meir enn halvert. Utfra «marbakken» er det kun kommunen, fylke og stat som er høyringsinnstansar.

Utvalgets konklusjon for bruk av sjøkabelalternativet er stort sett basert på gamal, utgått og einsidig retorikk frå blant anna Statnett , der fokus er nåverdi/ invistering og prosjektkostnader som blir lagt til grunn. Driftsutgifter over tid er ikkje tema.

I tillegg til redusert byggetid får ein og gevinst i betydeleg mindre nettap med bruk av sjø- og jordkabel. Viser til Klepp kommune, der nettapet er utrekna til å bli nærare 80% mindre i jordkabel enn i luftspenn på den planlagde kraftlinja frå Bjerkreim til Nærbø. Dette er med dagen straumprisar mykje å spare på å føre kraft i jord og sjø, og det viser at kraftoverføring i luftspenn er enorm sløsing med dyr og etterspurt kraft.

Det er mindre risiko ved bruk av sjø- og jordkabel. Industrien oppnår dermed ein stabil og sikrere straumlevering som igjen gir bedre forutsigbarhet, regularitet og lønnsomhet for både produsent og kunde. Risiko for sabotasje reduserast betraktelig. Og ikkje minst så sparar me natur. FN roper varsku over tap av natur, ein ny" Parisavtale" for å redde og bevare natur skal snart signerast, og av Norge. Me treng ein velfungerande natur for å redde klima.

Ei anna sak som verken myndigheter, NVE eller Statnett stiller spørsmål til eller seier noko om er HMS ved bygging av luftlinjer. Gjennom årene har dette tatt mange liv og skadet enda fleire både ved nett- utbygginger og gjennom drift og vedlikehald av nettet. Når framtidias nett skal utbyggast med heile 40%, og byggetid og høgare tempo er kringkasta frå myndighetene, så er det utruleg at det ikkje stilles eit einaste spørsmål rundt denne arbeidsformen med høg-risiko for liv og helse frå politikarar , Statnett og NVE.

Me har både folk og utstyr frå vår egen Subsea bransje, « frå øverste hylle i verden»som daglig legger kabler frå A til B nærmest uberørt av menneskehånd som gjer risikoen for liv og helse minimal. Kvifor er ikkje dette regnestykke tatt med i kalkyler frå blant anna Statnett?

Det må vera i olje og energiministeren si ånd at heile kraftoverføringa blir med i det grønne skiftet.

Bruk av sjøkabel vil og vera samfunnsnyttig, då me får nytte norsk kompetanse, me er i verdenstoppen på undervannsteknologi. Ved luftspenn importerast både master og arbeidskraft frå utlandet.

Bruk av sjø- og jordkabel er vin – vin for alle.

Ber derfor olje- og energiministeren om å instruere NVE til å be Statnett utgreie sjø- og jordkabelalternativer på kommande utbygginger der dette er teknisk mulig.

Særskildt ber me om at det blir brukt sjø- og jordkabel på kraftoverføringa frå Blåfalli til Gismarvik.

Dette prosjektet kunne vore ein pilot for bruk av sjø- og jordkabeltrase i Statnett sin store utviklingsplan frå dagens 140TWh til 220TWh fram mot 2050.

Må nemne at Etne kommunestyre krev i sine høyringsuttaelsar at sjø- og jordkabel skal nyttast på denne overføringa. (Blåfalli – Gismarvik) Det same har Vestland Fylkeskommune vedteke.

Me er Forum for sjø- og jordkabelteknologi, eit partipolitisk uavhengig organisasjon med formål å endre Stortingsmeldinger og lover slik at sjø- og jordkabel blir høgare prioritert når 300Kv og 420Kv skal instalerast i transmisjonsnettet. Sjå vår nettside www.fsjt.no

Me ønskjer eit møte med olje- og energiministeren , der me kan legge fram vårt forslag for kraftoverføringa frå Blåfalli til Gismarvik.

Håpar å høyre frå deg.

Beste helsing

Forum for sjø- og jordkabelteknologi.

Johan Strømsvold

Dag Jørgen Neraal

Grethe Tesdal, 97597341.